Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 7.

Fylke: Sogn & Fj.

Tilleggsspørsmålnr. Skav

Herad: Jølster

Emne:

Bygdelag: Stardalen

Oppskr. av: Sverre Myklebust

Gard: Flatjord

(adresse): Veiteberg

G.nr. 16 Br.nr. 1.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke): Jakob Flatjord 73 år gardbrukar

SVAR

1. Kjenner ikkje til at det vart betalt meir for dyr som var fødde opp med skav

2. Heller ikkje at hadde merknad på kjøtet, fargen.

3. Skavet smaka på mjølka, serleg osp gav ein stram smak. Bonnet seier:
„Vie velte, selje svelte
- Oren legger dautt for dör."
Men meininga hos oss var at desse treslaga gav lite fôr, medan
„Almen gjör, rognen föder
ospa legge smör i logg."

4. Det var ikkje vanleg at gardane her i bygda hadde skav nok til fôr året rundt. Skavet var helst naudfor. Men nokså vanleg naudfor, og dei skav så mykje, serleg etter-juls vinteren og fôra beista med skav. både morgon og kveld, så dømet frå Vest-Agder 5 kyr med skav mot 4 utan, kan truleg passa

9418

Beste skavskogen i bygda hadde
Ripe i Kjøsnesfjorden. Det kom ein
inspektør kring 1900 til Ripe og såg
på høystålet deira. Han tykte det
var lite. Då sa kona: „Vi har
høystålet vårt ute på stranda!"
– Ho meinte skavskogen og almane
der. Dei gjødde jylsestutane
sine med skav der på Ripe
(almeskav). Og Knut Ripe som
vart rekna som ein av dei
rikaste mennene i bygda (d.
kring 1925) fekk grunnlaget for
velstanden med å selje skav
ein tidsbolk. Vår isen låg
sume år, kunne folk frå bygda
hente skav i Kjøsnesfjorden.
5. Skavlen som var nytta her,
men serleg til skaving av staur, og
då helst orestaur, i full storleik:




Dei sette fingrane midt gjennom
Ved skavinga vart då vinkelen
meir skrå mot veden t.d.



9418
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Skalven kunne nok nyttast til
ukholingsarbeid, og vart sikkert
det, endå det ikkje er tradisjon
om det no. Til större ukholings-
arbeid hadde dei eit större verkty.

6. Ved arbeidet med handstaker
nytta dei ein toll dei sette
med i langkrakken

Ukholingsreiskap for större ting



Skarphel

7. Har ikkje kjennskap no
til at dei leigde skaustog.
Men kjöpte skav, serleg
hos slekt og kjenningar
for pengar eller gjenteneste

8. Gardar med skav vart rekna
for gode, og det vart nok lagt
vekt på skaustog ved deling

9. Ikkje ålmenning i bygdi.

10. Kjenner ikkje til at husmen-
nene kunne ta skav i husbonden
sin skog. Det kunde vel vere
overenskomst.

På Heggheim hadde dei slekt på
Klakegg, og fekk då nytte lauvet
av almane som veks i Våtedalen.
Tok det heim i sekker, turka det
og la det i löa til seinare bruk,
blöytt med mjöl til. Grisene
vart feite av dette lauvet. „Dei
åt det som mjöl".

Segn: Frans og Dirik var
grannar på tunde i Kjösnesfjorden
Eit vår var dei i vårknipe
for fôr. Så reiste dei ut til

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

9418

Ripe, 1 km, og ville kjøpe skov. Mannen på Ripe ville ikkje og sa nei: ville ikkje selje skov. Då la lundekarane pengane på bordet og drog og nama kvar sin alme. Dei står der enno og heiter Frans og Dirik. Dette skulle vere i 15-1600 talet.

Denne Fransen hadde elles gjort ei svær ugjerning, vart dømd til døden og setta på ei øy i Jølstra, Fluge, ved Nedre-Vassenden. Den øya heiter elles Fransøyna den dag i dag.

Paulen på grensa til Førde i Breim er elles ein gard med slike almar og mykje skov. Her henta folk på Myklebost i Jølster skov, endå dei budde på sørsida av Jølstervatnet - eit par mil unna.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

9418